

Retningslinje for HOSPITANT med og utan rettleiar

Studentar som har problem med å gjennomføre eit ordinært studieløp på BAS kan søke om å få hospitantstatus ved skulen. Dette inneberer at ein får ei meir tilpassa studieløype etter dei behov ein har, enn ordinære studentar. Denne studieløypa vil ein freiste å leggje opp i nært samarbeid med studenten, men det er lærarråd som har det øvste ansvar her.

Svært viktig å vere klar over at at når ein søker om hospitantstatus ved BAS, så seier ein frå seg sin ordinære studieplass ved skulen. Som hospitant er det evaluering etter kvart semester som avgjer di vidare bane ved BAS.

Vi kan ikkje garantere at du får halde fram, det vil vere avhengig av det du viser det året du er på BAS, samt den kunnskapen du har med deg frå tidlegare. Alternativt kan ein etter ei periode få tilbod om å gå tilbake til vanleg studentstatus.

Ved aksept av hospitantstatus ved skulen, vil ein få ei kontrakt som gjeld for 1 år.

Ordinær hospitant

Som ordinær hospitant vil du få eit tilpassa studieopplegg og betaler 50% meir i studieavgift. Du vil forholde deg til kurslærarane som ein ordinær student, og søker di faglege rettleiing hos dei.

BAS vil på si side legge til rette eit program for deg som er meir fleksibelt enn for ordinære studentar. Konsekvensen kan vere at ein må bruke lenger tid enn normert på å fullføre studiet.

Hospitant med personleg rettleiar

Som hospitant med rettleiar, vil du få ein person utpeika av lærarråd som ivaretek deg pedagogisk i høve di fagleg utvikling og i høve resten av klassen din.

Med denne ordninga betalar du 100% meir i studieavgift kvart semester..

Alle faglege oppgaver du har på studiet vil vere koordinert av din personlege rettleiar.

Etter kvart semester vil du ha ei individuell samtale, og ved behov kan du også få evaluert arbeida dine etter eit halvt år. Skulen sin hospitantansvarleg vil ha eit særskilt ansvar for oppfølging og samtalar.

Søknad om hospitant

Studenten må skrive ein personleg søknad til BAS, der ein forklare kvifor ein ynskjer hospitantstatus, og kva utfordringane ein har som skapar vansker med studieprogresjonen.

Ein opptakskomite for hospitantar vil behandle søknaden og gje søkjaren eit svar om vi har moglegheit til å tilby ein hospitantstatus eller ikkje. Komiteen vil spørre om lærarråd sitt syn i saken.

Denne hospitantkomiteen består av rektor, ein hovudlærer, ein administrativ hjelpelærer, samt ein studentrepresentant. I tillegg er Bergen Arkitekt Forening tilstades med ein valgt representant.